



Hardangerrådet



Hardanger

MØTEPROTOKOLL

ÅRSMØTET 2015

I

HARDANGERRÅDET IKS

Dato: 19.03.2015

Stad: Kunsthuset Messen i Ålvik

Tid: Klokka 13.00 – 14.00

Årsmøtorepresentantar:

Eidfjord kommune:	Ordførar Anved Johan Tveit
Granvin herad:	Ordførar Ingebjørg Winjum
Jondal kommune	Ordførar Jon Larsgard - Rådsvaraordførar
Kvam herad:	Ordførar Asbjørn Tolo
Odda kommune:	Ordførar John Opdal - Rådsordførar
Ullensvang herad:	Ordførar Solfrid Borge
Ulvik herad:	Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen
Styret:	Styreleiar Toralv Mikkelsen, Styrenestleiar Astrid Dale Vindal
Administrasjonen:	Dagleg leiar Leiv Vambheim og konsulent Trude Rinaldo

Konstituering: Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. 7 av 7 eigarar var møtt fram med 100 % eigardeler. Møtet vart lovleg sett.

Styreleiar Toralv Mikkelsen vart vald til møteleiar og Leiv Vambheim vart vald møtesekretær. Rådsordførar leia Årsmøtesakene 5 og 6.

Til å skriva under møteboka saman med møteleiar vart Ingebjørg Winjum og Hans Petter Thorbjørnsen valde.

Sakshandsaminga. Alle vedtak er samrøystes når ikkje anna er nemnt.

Årsmøtesak 01/15 Årsmelding 2014 og Rekneskap 2014

Revisormelding frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt vart lagt fram for Årsmøtet.

Vedtak:

- Årsmelding for Hardangerrådet iks 2014 vert vedteken slik den ligg føre
- Rekneskapen for Hardangerrådet iks 2014 vert vedteken slik den ligg føre

Årsmøtesak 02/15 Rammebudsjett 2016 og Økonomiplan 2016-2019.

Vedtak:

- Økonomiplan 2016-2019 vert vedteken slik dei ligg føre. Rammebudsjettet for 2016 vert godkjent slik første året i økonomiplanen 2016-2019.
- Styret får fullmakt til å vedta det årlege detaljbudsjettet med justeringar innanfor rammebudsjettet 2016.

Årsmøtesak 03/15 Arbeidsplan 2015/2016

Spørsmål til Arbeidsplan: Korleis skal ein i Arbeidsplanen ta inn felles tenesteprojekt og tenestesarbeid i Hardangerådet iks? Styret og Rådmannsforum ser på dette.

Vedtak:

Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2015/2016 vert vedteken slik han ligg føre. Årsmøtet delegerer til Representantskapet å godkjenna endra arbeidsplan dersom dette vert aktuelt.

Årsmøteprotokoll 2015

Årsmøtesak 04/15

Val av rekneskapsfører og revisor for 2016

Vedtak:

- a) Indre Hordaland Revisjonsdistrikt vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2016.
- b) Hardanger Økonomiservice AS vert vald til rekneskapsfører for Hardangerrådet iks 2016.

Årsmøtesak 05/15

Godtgjersle til styret for 2015

Vedtak:

Godtgjersle til styret i Hardangerrådet iks for 2015 vert:
Styreleiar 6000 kr årleg pluss møtegodtgjersle som styremedlem
Styremedlemmer 2000 kr pr. møte.

Årsmøtesak 06/15

Val av styre

Valnemnda ved Rådsordførar sette frå slikt framlegg:

- Attval på styremedlemmen John Skogseth for 2 nye år.
- Attval på varamedlemmene: Astrid Selsvold som 1. varamedlem og Einar Lutro som 2. varamedlem for 1 år.
- Attval på leiar Toralv Mikkelsen og nestleiar Astrid Dale Vindal for 1 år.

Vedtak:

John Skogseth vert vald til styremedlem for 2 år 2015/2017
Astrid Selsvold vert vald som 1. varamedlem for 1 år 2015/2016
Einar Lutro vert vald som 2. varamedlem for 1 år 2015/2016
Styreleiareiar: Toralv Mikkelsen vald for 1 år 2015/2016
Styrenestleiar: Astrid Dale Vindal vald for 1 år 2015/2016
Rådsordførar er valnemnd.

Det var ingen innkomne saker.

.....
Toralv Mikkelsen

.....
Ingebjørg Winjum

.....
Hans Petter Thorbjørnsen